

ÅTTEPARDANSEN

frå Sandnes, Rogaland

OPPSTILLING Parvis i ein ring. Gut og jente held i høre handa til kvarandre og vender halvvegs mot kvarandre, halvvegs mot sentrum i ringen. Ein kan vera så mange par som ein vil, men det må vera like tal.
Ein vel ut to par som står midt imot kvarandre på kvar si side av ringen, til å starta dansen. Dei er oppførande par. Mellom dei står det like mange par på kvar side.

TAK For ledig hand: Alle held hoftefeste med tommelen framover med eine handa eller bege hendene. Guten legg armana i kross over brystet i halvkjeda.

STEG Bytomfotsteg med hopp frå reinlender (SSS^h s), hoppsted frå reinlender (S^h s), gåsteg I (S), sluttsteg ($1\frac{1}{2}$ svikt).

Fyrste turen og dei to delane i andre turen er bygde opp slik at berre to par dansar om gongen. Kvar tur/del vert dansa om att til alle para i ringen har fått vera med.


Dei som er valde til oppførande par, dansar alltid dei nye turane først. Så dansar dei to para som står til venstre for kvart sitt oppførande par. Sidan dansar heile tida dei som står til venstre for eit av dei to para som dansa sist. Slik held ein fram til alle har dansa. Dei som ikkje dansar, står i ro på plassen sin i ringen.

TUR I


2 takter **To par dansar mot kvarandre og helser – 1 bytomfotsteg og 2 gåsteg**
Gutane tek til med V foten, jentene med H, og dei to para dansar 1 bytomfotsteg mot kvarandre og trør vidare fram med 2 gåsteg. Dei stoggar på andre gåsteget, og para helser kvarandre med eit fast bukk. Dei kan samla føtene på andre gåsteget, slik at dei får tyngda på begge føtene.

2 takter **Para snur, dansar atende inn på plass og helse – 2 hoppsteg og sluttsteg**
Gut og jente snur mot kvarandre og rundt $\frac{1}{2}$ gong, slik at dei får ryggen til det andre paret, og dansar atende mot plassen sin på 2 hoppsteg. Guten tek til med H foten, jenta med V. Så trør dei inn på plass på eit sluttsteg samstundes som dei snur mot kvarandre mest $\frac{1}{2}$ gong og stoggar vende halvvegs mot sentrum i ringen. Gut og jente helser på kvarandre med eit fast bukk i det same dei stoggar. På sluttsteget kan dei setja ledig fot inntil dansefoten, eller setja han fram mot partneren med hælen i golvet. Det vert V foten for guten og H for jenta. I det dansen held fram, samlar dei som har sett fram hælen, føtene, og para vert ståande i ro.

Når eit par tek til å dansa, kan dei trø ein appell på fyrste trinnet.
Etter at alle para har dansa turen ein gong, vert danse opp att.



*Oppstilling
Oppførande par skal dansa mot kvarandre fram og attende.*



Para dansar halvkjede over til motsett plass. Guten dansar føre i ein boge med sola, og jenta følgjer etter når dei svingar inn på plass.

TUR II

Fyrste halvdel

4 takter Halvkjede med jentene inst til motsett plass – 2 bytomfotsteg – 2 hoppsteg og sluttsteg

Gutane tek til med V foten, jentene med H, og dei to para dansar mot kvarandre på 1 bytomfotsteg. Så dansar dei forbi kvarandre på 1 bytomfotsteg i halvkjede: Jentene dansar mellom gut og jente i paret dei møter, medan gutane dansar på utsida. Dei slepper taket i det same dei dansar forbi kvarandre. Gutane leg armane i kross over brystet, og jentene tek hoftefeste med begge hendene.

Dei held fram med 2 hoppsteg mot plassen til paret dei dansa forbi. Guten dansar føre i ein boge med sola inn på plass i ringen, og jenta følgjer etter. På eit sluttsteg snur dei mest mot sentrum i ringen. På sluttsteget tek dei saman høgre hand i høgre att, og guten fester ledig hand samstundes som dei stoggar og helser kvarandre med eit fast bukk. Dei set ledig fot fram mot partneren med hæoen i golvet. Det er H foten for guten og V for jenta. I det dansen held fram, samlar dei som har sett fram hælen, føtene, og para vert ståande i ro.

Når eit par tek til å dansa, kan dei trø ein appell på fyrste trinnet.
Når alle para har bytt plass med paret beint imot på denne måten, er fyrste halvdelen av tur II slutt.

TUR II

Andre halvdel

4 takter Halvkjede med gutane inst til motsett plass – 2 bytomfotsteg – 2 hoppsteg og sluttsteg

Gutane tek til med V foten, jentene med H, og dei to para dansar mot kvarandre på 1 bytomfotsteg. Så dansar dei forbi kvarandre på 1 bytomfotsteg i halvkjede: Gutane dansar mellom gut o jente i paret dei møter, medan jentene dansar på utsida. Dei slepper taket i det same dei dansar forbi kvarandre. Gutane legg armane i kross over brystet, og jentene tek hoftefeste med begge hendene.

Dei held fram med 2 hoppsteg mot eigen plass. Guten dansar føre i ein bøge med sola inn på plass i ringen, og jenta følgjer etter. På eit sluttsteg snur dei mest mot sentrum i ringen. Påsluttsteget tek dei saman høgre hand i høgre att, og guten fester ledig hand samstundes som dei stoggar og helser kvarandre med eit fast bukk. Dei set ledig fot fram mot partneren med hælen i golvet. Det er H foten for guten og V for jenta. I det dansen held fram samlar dei føtene og vert ståande i ro.

Når eit par tek til å dansa, kan dei trø ein appell på fyrste trinnet.

Når alle para har kome attende til eigen plass på denne måten, er andre halvdelen av tur II slutt.

TUR III

Kjede rundt ringen til eigen – ½ gong rundt med eigen – kjede attende til plass – hoppsteg/bytomfotsteg

Gut og jente snur mot kvarandre, alle tek til med V foten med appell og dansar kjede med hoppsteg. Dei kan leggja inn enkelte bytomfotsteg i kjeda. Gutane dansar mot sola, jentene med sola til dei møter eigen partner. Dei svingar ½ gong rundt med kvarandre og dansar kjede attende til plass, gutane med sola og jentene mot sola.

Når dei møter eigen partner att, svingar dei rundt ½ gong og stoggar med eit sluttsteg samstundes som dei gjerne set ledig fot fram mot partneren med hælen i golvet og gjer eit fast bukk til kvarandre.

No er dansen slutt, og dansarane klappar av. Det vil seia at dei klappar i takt med musikken som teikn på at musikken kan stogga.